



Møre og Romsdal fylkeskommune

Bergvesenet
Leiv Eirikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

009254/02 PH

23 DES 2002

02/02623 015
L12

KULTURAVDELINGA
Fylkeskonservatoren

Dykkar ref.
BV utg. 1300/02 SEH/BK
Sak nr. BV II 01/02

Vår ref. 4128/02/652T.07/651/ØYK Molde, 17.12.02

VOLDA KOMMUNE.

INNSPEL I SAMBAND MED ETABLERING AV OLIVINUTTAK I VASSBAKKEDALEN, STEINSVIK GNR 131 BNR 1,2,3,4 OG 5 OG VASSBAKKE GNR 132 BNR 1 OG 2 I DALSFJORDEN - VURDERING OM TILTAKET UTLØYSER KRAV OM KONSEKVENSGREIING

Vi viser til Dykkar brev datert 07.11.02 med spørsmål om tiltaket fell inn under kriteria i punkt 1-6 i forskriftas § 4.

Vi viser til § 4.1.e i vedlegg II i "Forskrift om konsekvensutredninger av 21.mai 1999":
"Tiltak som fremgår av vedlegg II skal meldes og konsekvensutredes dersom tiltaket er foreslått lokalisert innenfor eller kommer i direkte konflikt med:

Områder der kulturminnemyndighetene kan godtgjøre et høyt potensiale for funn av hittil ukjente automatisk fredete kulturminner etter kulturminnelovens § 4 og § 6 som inngår i et kulturmiljø med stor tidsdybde."

Planområdet femner om ein fjordbotn og eit dalføre med eit heilskapeleg kulturlandskap med mange kulturminne. Kulturlandskapet inneheld m.a. beitemarker, slåtteland, vegfar og steingardar og fleire andre kulturminne frå nyare tid. Det er registrert mange objekt i SEFRAK- registeret i området (viser til vedlagt kart). Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne før ein er komen inn på eldre vegfar. Vegen framgjennom Vassbakkedalen er ein veg til Støylen, men den er og del av ein gamal ferdselveg over til Stårheim i Nordfjord. Vegen er delvis hellelagt. Vegen over til Stårheim har vore nytta i lang tid. Hans Strøm skildrar denne overgangen i si skildring av Sunnmøre frå 1766 (Band 2, 2001:234). Den er også teikna inn som "Alfar Veij" på Sunnmørskartet hans frå 1760-åra. Folk har alltid visst å nytte kortaste vegen. Her er vegen ikkje lenger enn ei mil og høgste punkt vel 500 m o h. Ragnar Standal skriv i "Vegar før vegar var" at reisetida ikkje var lenger enn til Volda (Band 2, 1996:9). Vegen vart då også i 1820-åra vurdert nytta som postveg (R. Standal. Vegar før vegar var. Band 1, 1995:14).

Mange av desse vegane veit ein har vore driftevegar. Bruken går generelt attende til mellomalder, enkelte meiner dei også har vore nytta attende til vikingtid. I Sogn og Fjordane fylkeskommune driv ein no eit prosjekt kring gamle fjellferdsle- og driftevegar. Vegen frå Steinvik til Stårheim er del av dette arbeidet. I denne samanhengen vert det arbeidd lokalt med å motivere til å halde vegane i hevd og gjere dei kjende som turvegar. I så måte utgjer desse gamle fjellovergangsvegane ein ressurs også i forhold til næring som vil verte påverka



Møre og Romsdal fylkeskommune

KULTURAVDELINGA
Fylkeskonservatoren

av planane om olivinbrot og anleggsveggar i Vassbakkedalen. Planane vil såleis også kunne påverke det arbeidet ein er i gang med på sørsida av fylkesgrensa.

Det er såleis god grunn for å sjå vegen fram gjennom Vassbakkedalen i eit tidsperspektiv som går frå nyare tid til mellomalderen og kanskje vidare attende. Sjølv dei fysiske elementa i vegen er nok av ulik alder, dei fine hellegginga er truleg ikkje dei eldste. Ein tradisjon/bruk som går attende i tid må vurderast som automatisk freda etter kulturminnelova. Vegen er brukt også i vår tid og er også eit nyare tids kulturminne av stor verdi. Vegen har særleg i enkelte parti med hellelegging ved vatn og forbi Støylen stor estetisk verdi. Dette ligg igjen i eit særmerkt kulturlandskap omkransa av elles urøyd naturlandskap.

Eit kvart inngrep i dette trange dalføret påverkar kulturlandskapet og Støylen direkte på ein uheldig måte. Planar om utbygging i tidlegare inngrepsfrie område bør vurderast særleg alvorleg. Kulturminneverdiane i området er store og tiltaket vil påverke kulturminne og kulturlandskap sterkt. Saka er slik at det er behov for eit utgreiingsarbeid med samla vurdering av natur- og kulturmiljø.

Konklusjon

Tiltaket ser ut til å påverke kulturminna og kulturlandskapet på ein uheldig måte.

Det er eit stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne som inngår i eit område med stor tidssdybde. Vi viser såleis til § 4.1. f som utløyser krav om konsekvensvurdering av tiltaket.

Venleg helsing

Bjørn Ringstad

Konst. fylkeskonservator

Siv Aksdal

Sakshandsamarar:

Arkeolog Øyunn Kleiva (Kontoradresse 6170 Vartdal, tlf 70060370-71258867-95945835,

Faks 70069610 E-mailadresse: oyunn.kleiva@mr-fylke.org) og

Plankoordinator Siv Aksdal, tlf 71258847 E-mailadresse: siv.aksdal@mr-fylke.org

SEFRAK- opplysningar: Kulturvernkonsulent Brit Hansen, telf. 71 25 88 35

Gjenpart

Volda kommune, Sentraladministrasjonen, Rådhuset, 6100 VOLDA

Nærings- og miljøavdelinga, HER

Fylkesmannen, HER

Riksantikvaren v/Kirsti Vindedal, Postboks 8196 Dep., 0034 OSLO

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, Postboks 173, 6801 FØRDE

Ambio miljørådgivning AS, Godsetdalen 10, 4033 Stavanger

Vedlegg 2

Sak 0012/03

MELDING OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID- STEINSVIK OLIVIN AS UTTALE FRÅ KULTURSEKTOREN

Sakshandsamar: Brit Aanning Aarseth
Arkivsaksnr.: 03/00430

Arkiv: L12

Saksnr.: Utvalg
0012/03 SKULE- OG KULTURUTVALET

Møtedato
12.02.2003

Tilråding:

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassbakkedalen femner om eit unik kulturlandskap med beiteområde, slåttemark, vegfar, steingardar og stelsområde. Eit kvart inngrep i dette området vil påverke kulturlandskapet og kulturminna på ein uheldig måte.

Samandrag:

Saka ligg inne til uttale hjå Bergvesenet om ho skal konsekvensutgreiast eller ikkje. Fylkeskonservatoren har krevd ei slik utgreiing, og det same har Fortidsminneforeninga Sunnmøre avdeling Volda/Ørsta lokallag gjort. Plankontoret i kommunen ventar og på svar frå Bergvesenet før endeleg saksutgreiing ligg på bordet. Det kan likevel vere nyttig og fornuftig at SKU kjem med ein første uttale i saka, og om naudsynt ta saka oppatt til vurdering når svaret frå Bergvesenet ligg føre.

Saksopplysning:

Steinsvik Olivin v/Arnstein Brandal beskriv prosjektet slik: sitat: "Prosjektet innebærer uttak av steinen olivin i Raudehammaren, Vassbakkedalen. Lokaliteten ligger ca. 2 km fra sjøen (Dalsfjorden), ved bygda Steinsvik. Steinen vil bli tatt ut både gjennom konvensjonelt dagbrudd og ved underjordsdrift. Fra bruddet i Vassbakkedalen vil steinen bli fraktet med lastebiler på ny anleggsvei til prosessanlegget ved Dalsfjorden. *Anleggsveien vil bli lagt nederst i lisdia på østsida av bygda Steinsvik. Videre oppover Vassbakkedalen vil veien bli lagt i tilknytning til eksisterende setervei/skogsvei*"-sitat slutt. (utheva av sakshandsamar)

Som ein ser her, så vil anleggsvegen gå gjennom det mest verdfulle kulturlandskapet i dalen. Den gamle ferdselsvegen går frå sjøen opp gjennom dalen forbi Vassbakkevatnet til Støylen og vidare innover dalen til setra Brøten. Anleggsvegen vil gå ei slynge forbi Støylen og stoppe der. Langs Vassbakkevatnet er vegen hellelagt og vidare fram gjennom dalen ligg vegen godt i terrenget som synleggjer at dette har vore ein mykje brukt ferdselsveg over til Stårheim i Nordfjord. For turismen i bygda vil denne ferdselsvegen gjennom Vassbakkedalen ha stor betydning. Bygdefolket og andre turgåarar både frå Nordfjordsida og Sunnmørsida nyttar denne turvegen også i dag, som er ca. ei mil lang mellom Steinsvik og Stårheim. Høgste punktet ligg på vel 500 m.o.h.

Helse- og miljømessige konsekvensar av saka:

Vassbakkedalen frå fjord til fjell med sitt sevland, "frømostøl" Støylen og "lengstestøl" Brøten, med sine pent forma ferdselsvegar, med sin rike vegetasjon, vatn og elvar omkransa av bratte fjell og fjelloverganger er eit heilskapeleg kulturlandskap som ein vanskeleg kan finne maken til. Eit kvart inngrep i dette området vil vere uheldig. Spesielt for den veksande turismen i bygda vil ivaretaking av dette unike kulturlandskapet ha stor betydning.

Økonomiske konsekvensar av saka:

Konklusjon:

Det bør nøye tenkjast igjennom korleis kulturlandskapet og kulturminna i Vassbakkedalen kan ivaretakast på ein god og fornuftig måte. Den gamle ferdselsvegen bør få ligge urøyvd i terrenget.

Vedlegg:

- brev og kart fra Ambio Miljørådgivning
- skriv frå fylkeskonservatoren
- skriv frå Fortidsminneforeninga Sunnmøre avd. Volda/Ørsta lokallag

Brit Aanning Aarseth
kultursjef

Utskrift til:

- Ambio miljørådgivning
- fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal
- fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane
- Riksantikvaren
- planavd. i Volda kommune

3

Fortidsminneforeininga Sunnmøre avdeling Volda/Ørsta lokallag

Ambio Miljørådgeving a/s
Godesetdalen 10
4033 Stavanger

VOLDA KOMMUNE	
LOTT	000451/251 PH
15 JAN. 2003	
Ansatt	02/0287
Ark.no 30 P	2/2
Ark.no 30 B	

Volda, 14.01. 03

OLIVINSTEINSBROT I STEINSVIK, VOLDA KOMMUNE STEINSVIK OLIVIN A/S – REGULERINGSPLAN KONSEKVENSGREIING ?

Uttale vedteken på møte i Volda/ Ørsta lokallag 13.01.03 :

Etter gamalt eksisterte det ein ferdselsveg (sti) frå Steinsvik gjennom Vassbakkedalen til søsterstøylen og vidare over eidet til Stårheim i Nordfjord. Hans Strøm, prost og kulturhøveding i Volda på 1700-talet, nemner vegen i verket "Søndmørs Beskrivelse" fra år 1766. Lokalhistorikar Ragnar Standal skriv og om same ferdslevegen i boka "Vegar før vegar var" bind 2.

Styremedlemane i den lokale fortidsminneforeininga har enno ikkje sett eller gått stien, men etter det me skjønner av utsegner frå andre, har heimste delen av vegen vorte "modernisert" slik at ein berre delvis ser att det gamle vegfaret. Forbi støylen er den gamle stien urørd.

Med tanke på handelstrafikk og samkvem over dette eidet mellom Sunnmøre og Nordfjord opp gjennom hundreåra, må attverande delar av det gamle vegfaret sjåast på som automatisk freda kulturminne.

Kulturarvdelinga i Møre og Romsdal fylke skriv m.a. i ein uttale datert 17.12.02 : "Vegen har særleg i enkelte parti med hellelegging ved vatna og forbi Støylen stor estetisk verdi. Dette ligg igjen i eit særmerkt kulturlandskap omkransa av elles urøyd naturlandskap."

Ein artikkel i lokalavisa "Møre" 9.1.03 kan tyde på at arealet i planane vert redusert for å unngå konsekvensutgreiing.

Med bakgrunn i desse nemnde kjeldene, meiner Volda/ Ørsta lokallag det vil vere naturleg og ynskjeleg om det vart stilt krav om konsekvens-utgreiing i samband med planane om vegbygging og olivinsteinsuttak i Vassbakkedalen.

Volda/ Ørsta lokallag

Toril Langlo, leiar
(sign.)

Nils Håvik, nestleiar
(sign.)

Utskrift:

Nils Håvik

13 2
2 13



Fortidsminneforeningen Sunnmøre avdeling
Volda/Ørsta lokallag

Ambio Miljørådgivning
Godesetdalen 10
4033 Stavanger

att: Toralf Tysse 51958810

Faksnr. 51958801

Volda/Ørsta	
Leds nr.	009/33/02
18 DES. 2002	
Ansatt nr.	02/08223
Dok. nr.	L12
Arbeidsnr.	
Arbeidsnr.	

Reguleringsplan for olivinbrot i Steinsvik


Fortidsminneforeningen Volda/Ørsta lokallag hadde styremøte i går, den 16.12.02. To skriv frå dykk dagsett 25.11.02 vedkomande "Reguleringsplan for olivinbrudd i Steinsvik" vart referert.

Styret har ikkje motteke kartvedlegg som syner det tenkte regulerte området og plasseringa av dette. Styret gjorde vedtak om å etterlyste kartvedlegg- førebels plankart (frå Knuse-og Anleggsteknikk jf. dykkar skriv). Neste styremøte i Volda/Ørsta lokallag er 13.01.03.

Styret ber om at frist for uttale blir lengd. Kartvedlegg skal sendast til:

Fortidsminneforeningen Sunnmøre avdeling
Volda/Ørsta lokallag
Toril Langlo
Fonnavegen 33
6150 Ørsta

Ørsta, 14.12.02


Toril Langlo
Leiar

Kopi: Volda kommune v/planleggjar Per Heltne, Rådhuset, 6100 Volda

4

Til:

Ambio Miljørådgivning AS
v/ Toralf Tysse
Godesetdalen 10
4033 STAVANGER

VOLDA KOMMUNE	
Løps nr.	007555/02
29 OKT. 2002	
An Saknr.	02/02871
An. Kode 1	412
An. Kode 2	
Kategori	

Kopi:

Volda Kommune
Rådhuset
6100 VOLDA

Oslo, 22/10-2002.

Om oppstart av regulering i Steinsvik, Volda Kommune

Viser til mitt brev av 19/10-02, der eg skriv at vedlegg skal bli ettersendt.

Hermed fylgjer vedlagt:

"Langs den gamle ferdselsvegen"

Prosjektoppgåve- Mellomfagstillegg i friluftsliv

Norges Idrettshøgskole, Oslo 1989

Eg vil understreke at oppgåva blei skriven for 13 år sidan. Det auka antal turistar og tilreisande til Indre Dalsfjord dei siste åra er difor ikkje fanga opp i rapporten.

Gunnar Repp, Høgskulen i Volda var min vegleiar under oppgåveskrivinga.

Med helsing

Unni Eidså

Til:
Ambio Miljørådgivning AS
v/ Toralf Tysse
Godesetdalen 10
4033 STAVANGER

Kopi:
Volda Kommune
Rådhuset
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Oppdragsnr:	007306/02 PH
121 OKT. 2002	
Ansvar:	02/02871 002
Prosjekt:	L12
Drift:	
Utskrift:	

Osla, 19/10-2002.

Om oppstart av regulering i Steinsvik, Volda Kommune.

Viser til annonse i avisa Møre 1/10-2002.

Eg vil starte med å gje mi fulle støtte til alle punkt i brev sendt av min bror Jon Arne Vassbakke, (Bruk 132/1) datert 19/10- 2002, der det vart argumentert grundig og understreka viktigheita av at det vort gjort konsekvensutgreiningar på ei rekke punkt i denne saka. I tillegg vil eg kome med nokre innspel av meir personleg art knytta til erfaring gjort gjennom utdanning, tidlegare og noverande arbeid samt fritidsinteresser og -engasjement.

Vegstrekninga mellom Steinsvik og Stårheim er kjend som ein viktig ferdsleveg gjennom mange hundre år. Vegen har vore brukt til m.a transport av husdyr, matvarer og husgeråd. Viser til bakgrunnstoff i vedlagde prosjektoppgåve "langs den gamle ferdselsvegen", skriven på mellomfagsstudiet i friluftsliv på NIH i 1989.

I fleire periodar på 1800- og 1900-ta et har det på begge sider av fylkesgrensa vore utarbeidd vegplanar for denne strekninga. Fleire kjelder kan skaffast gjennom arbeidet til tidlegare jordskifteassistent Oddmund Breiteig, historikar Jostein Nerbøvik og Bjarne Rekdal, tidlegare tilsett ved vegkontoret i Molde. Desse var også ressurspersonar i den tidlegare nemnde oppgåva.

I oppgåva vart det gjort ei spørjeundersøking blandt bygdefolket i Indre Dalsfjord. Ved gjennomgang av resultatane viste det seg at rekreasjon/avkobling/naturoppleving/frisk luft/mosjon i tillegg til gode vilkår for kulturformidling til born/borneborn var viktigaste grunnane til at denne strekninga vart vald som tuområde.

Konklusjonen i denne oppgåva var at prosentvis få nytta heile strekninga Steinsvik-Stårheim som tuområde, men adskillig fleire nytta området Steinsvik- Støylen, dvs. strekninga aktuell i reguleringsplanen. Dette speglar turtrenden til det norske folk generelt- stadig fleire går kortare turar, stadig færre går lengre turar. Turboka som er utlaga i det

gamle "Støylahuset" vitnar også om at strekninga Steinsvik- Støyl'en er mykje brukt. Stien er lagd i flatt lende og er difor lett å gå for alle aldersgrupper. "Støylahuset" ligg på området for uttaket av olivin.

Eg har ei periode vore tilsett i Den Norske Turistforening (DNT) sin sentraladministrasjon, som stadig har liknande saker til handsaming. Det må på det sterkaste tilråast at DNT og liknande organisasjonar engasjerte i miljø- og naturvern uttalar seg i denne saka, då Vassbakkedalen er eit av svært få dalføre i landet som fortsatt går under nemninga "urøyd".

Har også vore i dialog med DNT i forhold til merking av ruta Steinsvik- Stårheim til "DNT standard". I denne samanhangen står også registrering av aktuelle kulturminne som det gamle "Støylahuset", sætrestøylane, fjøsmurar, steingardar og øvrige fornminne sentralt.

Bruk 132/1 bygde sommaren 2000 opp det gamle selet på sætra Brøten, for at dette m.a. skal kunne vere til bruk for turgåarar og jegerar.

Også i Kristofer Randers bok "Sunnmøre" er vegstrekninga skildra, i rute nr. 57.

Isolert sett ville det vere positivt med nye arbeidsplassar til Indre Dalsfjord. Då Møre Skofabrikk blei lagd ned sommaren 2000 mista 40 menneske - dei aller fleste kvinner- arbeidet sitt. Økonomisk lønnsleind, busethad, type arbeidsplassar og høve til arbeidsplassar over tid må sjåast i samanhang med ulemperne knytt til inngrep i naturen samt bortfall av inntekt og forverring av driftsvilkår for bøndene og dei som har vald å satse på turisme.

Ein kjenner til at Olivin AS på Åheim kontrollerer store delar av verdsmarknaden når det gjeld produksjon av olivin. Ein gjer seg tankar om kor lenge dette vil vere Steinsvik Olivin AS sitt prosjekt, for oppkjøp med påfylgjande reduksjon av eigar- og ansvarskjensle samt fråfall av arbeidsplassar vert ein realitet. Eksempelvis det same som har skjedd med Møre Skofabrikk og Steinsvik Laks dei siste åra.

Det vil også vere naudsynt med garantiar og planar for etterbruk samt opprydding dersom prosjektet etter ei tid viser seg ikkje drivverdig. Det må også ligge eit forslag til ulempekompensasjon til dei ulike grunneigarane i dei økonomiske framstillingane.

Nemnst kan at Steinsvik Olivin AS ikkje har oppretthalde avtalens innhald i samband med bygging av veg gjennom Vassbakkedalen til Støyl'en i samband med prøveuttaking av olivin, våren 2001. Området er enno ikkje stelt til og rydda etter vegbygginga, slik avtalen var. Dette er til ålmen irritasjon for bygdefolket i tillegg til at tilliten til selskapet svinn. Ryddigheit i dobbel forstand samt betre informasjon til grunneigarar spesielt og bygdefolket generelt er naudsynt for betre samarbeidstilhøve framover.

Fritids- og ferietrenden får stadig mein retning mot aktiv ferie. Genrar som gardsturisme, "garden som pedagogisk ressurs", økologi og naturen som ekte kulturformidlar vert stadig viktigare som motvekt og tilskot til det daglege urbane livet i tettstadar og byar.

I Indre Dalsfjord er det uendeleg med framtidsriktige verdier og ressursar dersom dei vert forvalta og utnytta på ein fornuftig måte.

Slike tankar er det mange av bygdefolket i Indre Dalsfjord som tenkjer. Går vi i samn om å realisere desse tankane vil vi i framtida sitje att med vekt og utvikling.

Desse tankane let seg ikkje kombinere med utvinning og foredling av olivin.

Gjennom mitt arbeid i Norges Idrettsforbund ser eg at vi alle har ei stor utfordring som går på å få barn, ungdom og vaksne ut og i aktivitet. Samfunnsutviklinga generelt og problematikken med inaktivitet er dagleg på dagsorden. All forskning og statistikk viser klare tal på inaktivitet, overvekt, livsstilssjukdom og belastningslidingar. Skal ein også i den unike Vassbakkedalen ødeleggje dei naturlege arenaane for uorganisert leik og friluftaktivitet, for at marknadskrefter og kommersialisme skal få råde?

Med helsing

Unni Eidså

Vedlegg, vert ettersendt:

"Langs den gamle ferdselsvegen"

Prosjektoppgåve- Mellomfagstillegg i friluftsliv

Norges Idrettshøgskole, Oslo 1989

5

Angeline Vassbakke
Sofiesgt. 11a
0170 Oslo

Ambio Miljørådgiving AS
V/Toralf Tysse
Godsetrålen 10

4035 Stavanger

VOLDA KOMMUNE	
Løp nr.	GO 7308/02 PH
21 OKT. 2002	
Ansatt	02/0257
Ansatt	L12
Ansatt	002

Oslo, 16.10.02

Moment å vurdere i forbindelse med oppstart av privat reguleringsplan fra Treneset i Dalsfjorden til Støylen i Vassbakkedalen.

Viser til annonse i "Møre" av 1. oktober 2002, vedr "Varsel om oppstart av regulering ved Steinsvik, Volda kommune. Legg også ved tidlegare korrespondanse med Steinsvik Olivin i denne saka. Vidare vil eg opplyse at eg uttaler meg på vegne av Hans P. Vassbakke, grunneigar av gardnr. 132, bruk 2 i Volda kommune, ref. vedlagte fullmakt.

Eigedomen 132/2 har inntil for ca 10 år sidan vore drive som heiltidsbruk, med mjølkeproduksjon, kjøtproduksjon samt noko grønsakproduksjon. All dyrka mark, beiteområde, driftsbygningar, etc. er framleis i full hevd. All dyrka mark vert slått årleg, på leigebasis. Beiteområda vert også nytta fullt ut på leigebasis.

I det alt vesentlege er beiteområda til 132/2 i Vassbakkedalen, og vil verte berørt av denne reguleringsplanen, det same gjeld for så vidt andre sider ved eigedomen 132/2. Det vil gjelde områder så som:

Gardsdrift

Slik det framgår av reguleringsplanen, vil dette få store konsekvensar for framtidig gardsdrift, dette gjeld sjølv sagt i utbyggingsperioden, så vel som eventuell drift av Steinsvik Olivin. Det seier seg sjølv at reell gardsdrift både i anleggsperioden, og ved vanleg utvinning, vanskeleg vil la seg kombinere. Dyrerhald vil vere svært vanskeleg, dette gjeld så vel drifting av dyra på beite, tilkomst til beiteområde, og sjølv sagt også den kvaliteten beiteområda vil få ved ei slik utvinning.

Vassbakkevassdraget

Dette vassdraget har vore, og er, vesentleg for bruka på Vassbakke. Vassbakke meiner å ha full eigedomsrett til vassressursane frå øvre Vasselva, Vassbakkevatnet og dalføret sørover. Her pågår det imidlertid ein rettsvist, der saka er beramma i lagmannsretten til juni 2003. Eit inngrep av den skala denne reguleringsplanen viser, vil også få svært store konsekvenser for dette vassdraget, både ressurs- og miljømessig.

Fiske:

Dei to bruka på Vassbakke har all fiskerett i vassdraget frå øvre Vasselva, Vassbakkevatnet og dalføret sørover. Dette vassdraget har alltid hatt ei god laksestamme, med unntak av dei seinaste åra, då det har vore sett opp ei fiskesperre i forbindelse med smoltanlegget til Steinsvik Laks AS (eigd no av Pan Fish ASA) for den gongen å sikre smittefritt vatn. Denne sperra er det pålegg om å fjerne, fristen for å gjere det vart sett til våren 2000, og det er då planer om å bygge vidare opp den gamle laksestamma. Etter gamalt er det gyleplasser for laksen i Løkjene og på Støylen. Dei to bruka på Vassbakke har vidare selt fiskekort i dette vassdraget i vel 10 år. Det skal også nemnast at det i Vassbakkevatnet ei svært god stamme av røye, noko som både bruka på Vassbakke og sportsfiskarar har stor glede og nytte av. Vidare er det ørret i vassdraget, dette gjeld også for Fremstevatnet.

Gammel stølsveg / ferdaveg

Vegen frå Vassbakkevatnet og innover i dalen har vore nytta av Vassbakkebruka dagleg i all den tid bruka har vore til. Dette som tilgang til stølsområde, både sommarfjøs på Sevlund, støyl på Støylen (som navnet tilseier) og sæter på Brøten. Vidare til skogsdrift, slått- og beiteområde. Enkelte strekningar av den ha rett nok vore utbetra i nyare tid. Sist gong bruka på gardane 131 og 132 var samde alle om ei utbetring av denne vegen var på slutten av 1930-talet, og vegen har intil i fjor vart sett vore uendra, med unntak av normalt vedlikehald. På strekninga frå Klepene fram til Tverrelvsgjerdet har gard nr 131, bruk 1-5 kun bruksrett til vegen. Vegen er definert som gards- og skogsveg. Det vart imidlertid på initiativ frå Steinsvik Olavin si side våren 2001 foretatt ei so kalla "utbetring" av eksisterande veg. Dette vart gjort utan at det vart gjeve løyve til dette frå gard nr 132/2 si side, då ein meinte det burde undersøkjast nærmare om det burde søkjast om løyve til dette hjå planavdelinga i Volda Kommune, samt at dette også frå gardnr 131, bruk nr 1-5 har blitt teke opp som punkt i ei pågåande jordskiftesak. Sidan dette no eingong skulle prøvast for retten, vurderte underteikna det som ukorrekt å gje samtykkje i eit inngrep av denne størrelsesorde, i tillegg ønskte ein også at denne flotte gamle steinråsa langs Fremstevatnet skulle ha blitt vurdert utifrå hensyn til kulturminne. Legg ved korrespondanse vedr. dette. Det er også grunn til å tru at vegen frå Fremstevatnet og vidare framover er restar etter ein gamal ferdaveg over fjellet, og dette bør i høgste grad undersøkjast nærare.

Skogsdrift

Vassbakke har vesentlege skogsområde i Vassbakkedalene.

Jakt

Gard 132/2 har fellingstillatelse på hjort i Vassbakkedalen. Det har kvart år vore hjortejakt, og seinast i denne sesongen har det vore felt fleire dyr. Dette er ein viktig ressurs for bruket, og vil sjøvsagt verte ramma av olivinutvinning/anleggsdrift i denne skala.

Fugleliv

Vassbakkedalen har også eit rikt fugleliv, her er i tillegg til dei vanlege fugleartane, også kongesørn, hegre, og i perioder har også svaner hatt sitt tilhald i Fremstevatnet. Hubro har også tilhald i Vassbakkedalen. Dette fuglelivet vil også verte svært skadelidande. Dette bør utredast nærare.

Støy, støv, anleggstrafikk

Vassbakke ligg svært nær det aktuelle utvinningsområdet. Dette vil sjølsagt få store konsekvensar når det gjeld støy både ved anleggstrafikk, sprenging og ikkje minst steinstøv under utvinninga. Her bør det heilt klart vurderast andre transportveiar ved utkjøring av massen, så som tunnel. Dette vil spare de bruka som ligg så nær utvinningsområdet mykje, men dette vil også gjelde bygda totalt sett. Bygda har dei seinare år satsa stort på turisme, og eit anlegg av denne skala vil sjølsagt også få konsekvensar for det. Anna verksemd i området vil også verte skadelidande av dette. Støyprøver bør fortaes og vurderast nøye, likeleis bør den foreininga som sprengningsarbeidet/utvinninga ellers representerer utredast nøye.

Rekreasjon/Friluftsområde

Vassbakkedalen har av mange vore halde fram som eit unikt tur- og friluftsområde. I tillegg til mange fastbuande som nyttar denne dalen daglig, kjem turistar og tilreisande som nok vil synes at denne dalen på lang nær vil ha det særpreg som naturperle den har i dag, for ikkje å seie at området etter ei slik regulering, og evt reell drift, vil verte bortimot øydelagt i den sammenheng. Her er også 2 hytter som ligg ved Fremstevatnet, og som i svært stor grad vil få merke konsekvensane av anleggsdrift/utbygging.

Kulturminner

Etter mitt syn er her fleire kulturminner som bør undersøkast og vurderast nøye. Det gjeld gamle steingardar innover i dalen, det gjeld den gamle ferdavegen over til Stårheim, det gjeld det gamle gjetarhuset på Støylen, og også sjølve stølsområdet.

Andre hensyn

Det er klart at totalt sett vil ein reguleringsplan av denne skala få store konsekvensar for bygda, dette gjeld for dei fleste område innan miljø, natur, friluftsliv, trivsel, etc Dette bør gjennomgås nøye. Vidare skal det nemnast at området som er avsett for utskiping, er, slik det ser ut på innteikninga på reguleringsplanen, plassert i eit området med rasfare. Med atterhald om feiltolkning av kartet, ser det nemleg ut til at utskipingsområdet ligg rett ved ved/under det som kallast "Lisjebøfonna", på yttersida av Treneset. Her bør lokalisering av utskipingsområdet vurderast ut frå også dette hensyn.

Faktafeil i tiltaksbeskrivelse


På side 4 under Pkt 3 Tiltaksbeskrivelse står det at det berre er eit gardsbruk i munningen av dalen, dette er feil, her ligg det 2 gardsbruk.

Oppsummering

Som ein som representerer både interessene til ein av grunneigarane, samt også er svært opptatt at det natur- og miljømessige i denne saka, vil eg på det sterkaste be om at det vert gjennomført nøye utgreiingar av dei store nemde risiki, i denne saka, hjå alle naudsynte instansar. Det vert vidare bede om at utkast til ulemperstatning, evt grunn til veg eller anna som vert berørt av denne reguleringsplanen vert framlagt til vurdering.

All korrespondanse vedr. denne saka bes sendt til underleikna. Viser igjen til vedlagte fullmakt.

Med helsing


Angeline Vassbakke

Kopi: Volda Kommune, Planavdelinga, 6100 Volda

Vedlegg:

- 1: Fullmakt
- 2a-c: Innkalling til årsmøte, udatert
- 3: Brev til Sameiget for utnytting av mineral i Vassbakkedalen, datert 26. mars 2001 fra Angeline Vassbakke
- 4: Referat frå synfaring vedr. vegen fram til Støylen, datert 25.04.01
- 5a-c: Merknad til referat av 25.04.01, datert 08.05.01
- 6: Orientering om oppstart av arbeid på veg, fra Hans Steinsvik, udatert
- 7a-b: Artikkel frå Sunnmørsposten, datert 02.08.01
- 8: Kopi av fax fra Steinsvik Olvin frå v/Arnstein Brandal vedr framdrift, udatert.